



Referat frå årsmøte Øystre Slidre Idrettslag 2025

Dato	Kl.	Stad
20.03.25	19.30	Klubbhus Storefoss

Frammøtte:

Berit Helle, Reidun Gudny Veflen, Anders Skrebergene, Eirik Syversen, Geir Kjetil Meisdalshagen, Haugene, Nicolay Flaaten, Ove Skaret, Anniken Eckhoff, Berit Gjessing, Kjell Berge Melbybråten, Kjersti Hedalen, Ine Veisene Klinkenberg, Nils Jørgen Forreløkken, Anniken Eckhoff, Liv Tyskeberg Moen, Per Bo Svensson

Saker – sjå «Årsmøtepapir Øystre Slidre idrettslag 2025»

1. Godkjenne dei som har stemmerett

Tilstrekkeleg antal røysteføre frammøtte medlemmer vart godkjent av Årsmøtet.

2. Velje møteleiar (dirigent)

Ove Skaret samrøystes vald.

3. Velje protokollførar

Eirik Syversen samrøystes vald.

4. Velje to medlemmar til å underskrive protokollen

Kjell Berge Melbybråten og Nils Jørgen Forreløkken samrøystes vald.

5. Godkjenne forretningsordenen

Møteleiar gjennomgjekk formalia utan merknader frå Årsmøtet.

6. Godkjenne innkallinga

Innkalling publisert på osil.no 14.02.24 og i Avisa Valdres 18.02.24 godkjent.

7. Godkjenne sakslista

Sakslista vart godkjent med følgjande endringar:

- Pkt. 10 strykast

8. Behandle årsmeldinga frå idrettslaget

Leiar Berit Helle presenterte årsmelding frå AU (styret) med følgjande kommentar:

Merknad frå grupper – ynskje om fleire møter i hovudstyre i 2025 (var to slike i 2024).

Gruppene orienterte frå sine respektive årsmeldingar.



Årsmelding samrøystes godkjent.

9. a) Behandle rekneskapen til idrettslaget

Leiar Berit Helle gjennomgjekk samandrag av rekneskapen.

Rekneskapen samrøystes godkjent.

9. c) Behandle melding frå kontrollutvalet

Leiar av kontrollutvalet orienterte frå beretninga for 2024.

Årsberetninga samrøystes vedteke.

~~10. Behandle andre saker som kjem fram av godkjent saksliste~~

11. Fastsetje medlemskontingent på minst kr. 50 og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.

Årsmøtet vedtok samrøystes medlemskontingent for 2025 på kr. 100,-/medlem uansett alder. Årsmøtet gjev gruppestyra fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.

12. Vedta budsjettet til idrettslaget

Leiar Berit Helle gjennomgjekk budsjettet.

Budsjettet samrøystes vedteke.

13. a) Val av styre

Leiar: Berit Helle (vald for 1 år)

Nestleiar: Anders Skrebergene (vald for 1 år)

Styremedlem: Reidun Gudny Veflen (vald for 2 år)

Styremedlem: Ine Veisene Klinkenberg (vald for 2 år)

Samtlege samrøystes vald og klappa inn.

Styret kompletterast av:

Styremedlem: Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene (på val 2026)

Varamedlem: Åsmund Bakkene (på val 2026)

Varamedlem: Anna Marie Jørstad (på val 2026)

a) Kontrollutval

Leiar: Ove Sverre Skaret

Medlem: Ellen Hæhre

Varamedlem: Astrid Fosdahl Bråten

Samrøystes vald og klappa inn. Leiar og medlem signaliserer ynskje om at ny valnemnd (når denne forhåpentleg er på plass) finn nye kandidatar til kontrollutval til årsmøtet i 2026.

b) Årsmøtet gjev styret fullmakt til å utnemne representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett.

c) Valnemnd

Leiar:

Medlem:



Varamedlem:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finne og utnemne representantar til valnemd.

14. Godkjenne valde gruppestyre

Årsmøtet godkjenner valde gruppestyre. Arbeidsutvalet (styret) får fullmakt til å komplettere gruppestyre.

Storefoss 20.03.2025

Eirik Syversen
